

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



Møtebok for AU-møte 17. mars 2014

Møtebok frå: Møte i arbeidsutvalet
Møtedato: 17.03.2014
Tid: 18.00-19.30
Møteleiar: Mona H. Hellesnes
Møtestad: Plaza Hotel, Oslo
Referent: Magnus Vestrheim

*Deltakarar: Mona H. Hellesnes, Trond Johansen, Hans Erik Ringkjøb, Adelheid Nes, Knut Arne Gurigard, Lars K. Olsen og Magnus Vestrheim.
Forfall: Filip Rygg og Kjell B. Hansen*

AU 11/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding: Innkalling og sakliste vert godkjente.

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes godkjent.

AU 12/14 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 3. februar 2014

Tilråding: Møtebok frå AU-møte 3. februar 2014 vert godkjent med følgjande retting

AU 09/14 Dagleg leiar. Status i tilsetjingsprosessen vert endra til AU 09/14 Tilsetjing av dagleg av dagleg leiar

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes godkjent

AU 13/14 Overordna prosjektplan for utgreiing av Ringeriksbanen

AU ønskjer at FNB skal delta i samarbeidsgruppa i prosjektorganisasjonen. Dette må formaliserast ved at det vert følgt opp i brev til prosjekteigar.

Akershus og Buskerud fylkeskommunar er inviterte til å delta i referansegruppa i prosjektorganisasjonen. Ringeriksbanen er eit nasjonalt prosjekt som er avgjerande for utviklinga av heile Bergensbanen. Det er såleis rimeleg at også Hordaland fylkeskommune får plass i referansegruppa. Mona som fylkesvaraordførar i Hordaland følgjer dette opp.

Vedtak:

- 1. AU er glad for at prosjektplanen for utgreiing av Ringeriksbanen no ligg føre. Så langt AU kan sjå er dei utgreiingane som planen legg opp til dekkjande for kva avklaringar som må gjerast før den formelle planprosessen etter plan og bygningslova kan starta. AU vil sterkt understreka at den føreslåtte framdriftsplanen i utgreiingsarbeidet må haldast.*
- 2. AU ønskjer at FNB skal vera ein konstruktiv bidragsytar i utgreiingsarbeidet og seinare planprosessar for Ringeriksbanen. AU ber om at FNB får plass i samarbeidsgruppa i den føreslåtte organisasjonsplanen og at dette vert formalisert. AU legg til grunn at Mona som fylkesvaraordførar tek initiativ til at Hordaland fylkeskommune får plass i referansegruppa.*
- 3. AU oppnemner Mona og Adelheid til å delta på informasjonsmøtet på Sundvollen Hotel den 20. mars 2014.*

AU 14/14 KVV Oslo-Navet. Verkstad II, planlagde samlingar 4. og 18. juni

Tilråding:

AU legg til grunn at dagleg leiar Adelheid Nes deltek i planprosessen med KVV Oslo-Navet

Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes godkjent

AU 15/14 Eventuelt

1. På neste møte i AU skal det leggjast fram ei sak med oversikt over aktuelle aktørar som FNB bør ha kontakt med. Denne lista over interessentar må innehalda både politiske og administrative aktørar på ulike nivå i den offentlege forvaltninga, bransjeorganisasjonar, miljøorganisasjonar og andre naturlege samarbeidspartar. AU ber om at saka også inneheld forslag til kva strategi som skal leggjast til grunn i kontakten med dei ulike aktørane og i kva rekkjefølgje dei skal kontaktast.
2. Mona viste til kontakt ho hadde hatt med lokalavisa Bygdanytt der ho vart informert om at NSB av konkurransemessige omsyn ikkje ville la avisa få tilgang til trafikktalet for reisande Bergen-Arna. Denne saka er seinare teke opp i spørjetimen i Stortinget av Magne Rommetveit, sjå etterståande spørsmål og svar.

Skriftlig spørsmål fra Magne Rommetveit (A) til samferdselsministeren

Dokument nr. 15:492 (2013-2014)

Innlevert: 04.03.2014

Sendt: 05.03.2014

Besvart: 13.03.2014 av samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen



Spørsmål

Magne Rommetveit (A): Korleis vurderer samferdslesministeren at openheita om trafikk tala til NSB på ulike togstrekningar bør vera, og vil eventuelt ministeren ta initiativ overfor NSB slik at trafikk tala for togstrekninga Bergen-Arna kan offentleggjerast?

Begrunnelse

NSB sine taloversikter over reisande på togstrekningar i heile landet er viktig for transportplanlegginga og for å utvikla eit best mogleg togtilbod. Eg er gjennom media blitt kjent med at NSB no seier nei til å offentleggjera tala for reisande på togstrekninga Bergen-Arna, mellom anna av omsyn konkurransesituasjonen. Saka er omtala på nettsidene til avisa Bygdanytt 4. mars 2014.



Svar

Ketil Solvik-Olsen: Staten v/Samferdselsdepartementet har ein 6-årig trafikkavtale med NSB. Den regulerer dei fleste forholda mellom partane, mellom anna kva slags rapporteringskrav som gjeld. I Bilag B til avtalen går det fram at NSB skal rapportere talet på reiser for alle togprodukt kvart tertial innan gitte fristar. Dette gjeld mellom anna for nærtrafikken Bergen-Arna og Bergen-Voss. Samferdselsdepartementet gir innsyn i desse rapportane på førespurnad, med unntak av informasjon som det kan gjerast unntak for med heimel i forvaltningslova § 13. Generelt meiner Samferdselsdepartementet at tal for reisande som nyttar eit togprodukt, ikkje er konkurransesensitiv informasjon.

Samferdselsdepartementet er oppteken av openheit om kva offentlege midlar til kjøp av persontransport med tog gir av resultat i form av mellom anna tal på reisande. Såframt opplysningar om tal på reisande er tilstrekkeleg kvalitetssikra, og departementet får kopi, har departementet ingen innvendingar mot at NSB

oppgir tala eksternt før dei blir tertialrapporterte til departementet.

Samferdselsdepartementet er klageorgan i klagesaker om NSB sine vurderingar etter offentleglova. Det er derfor ikkje mogeleg for meg som samferdselsminister å kommentera den konkrete saka om innsyn i trafikkata Bergen-Arna.

Møtet heva kl. 19.30

Magnus Vestrheim, referent